Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3 — Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. — Herad: Etne

Emne: Brynet — Bygdelag: -–

Oppskr. av: Trygve Vinje — Gard:

(adresse): Frette — G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter forteljingar av ymse gamle folk i Stordalen, Etne.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Det vanlege ord for bryne er Kvass-steidn
Hein (heidn) er namn på sers fine bryne som
vart brūka til barberknivar, lēknivar, saksar
o. a.

2. Før var det vanleg å brūka bryne av natūrstein, men no vert det helst brūka kunststein.
Bryne av natūrstein vart kjøpte ūtanbygds.

3. No vert alle reidskap slipte før bryninga

4. Det vert fortalt om tynsleljār, men her er ingen som hugsar at dei var i brūk.
Det vart brūka ein liten ambolt ūnder tynninga – „tynnstle sted."

5. I ūtslåttene tok dei jamt ein liten slipestein med seg heimanpå.

6. Det vanlege var å brūka 2 ljår i kvar „ökt": t.d. mellom middag og non.
Somme greidde seg med ein – og det hende jamvel at slåttekaran brūka same ljåen heile dagen ūtan å slipa mein enn kvar kveld. Det var rekna for å vera sers gjævt å ha godt „ljåbet."

2

7. Det vert berre bruka eit bryne no, men tidlegare hende det at somme bruka ei brynestikka av hardt tre (ask) til å jamna egga med etter den vanlege bryninga.

8. Folk tek alltid ljåen or orvet når dei sliper. Under slipinga held dei egga mot seg.

9. Når ein bryner, held ein stuttorvet fast mellom fótene rett ovanfor knea. Langorvet stød ein mot marka og högre foten (ovanfor kne).
Med vinstre handa held ein ljåen fast og flytter denne frå festet og utover mot odden under bryninga. Det er likes somme som byrjar å bryna på odden og flytter innover og.

10. Koppen til brynet vart kalla „Kotekolk". Desse vart laga av tre. med ein jarnkrok i til å feste i beltet

12. Kotekolken heng bak.
13. Brynet vert vætt med vatn.

Slåttekarane kappast ofte før - og då var det om å gjera å ha godt ljåbett. Det hende i gamal tid at dei gjorde fantestykke med einannan. t. d. pissa i kotekolken til ein dei skulle med - når dei såg eit høve til det. Då beit ikkje ljåen, sa dei.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM 266
BYGDØY

266

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING